

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

F. Erkebispegarden

[890] *ERKEBISPEGARDEN III*. (Tidlegare omtala: NOR 1995: 15.)

Innskriфта vart registrert i 1994 og står på 8. stein over treskel på høgre side i austre portal inn mot kvelvrom, dvs. i forhallen under utvendig trapp som vender inn mot gardsplass. Ho står 2 cm over nedkanten av steinen og 3 cm inn frå profilert kant. Innskriфта er 13 mm lag, runene er 40-60 mm høge. Dei er dobbeltskorne og godt bevarte. R. 1 har stav med litt bøygde kvist opp til høgre. Staven på r. 2 startar 20 mm over toppnivået på r. 1.

Y 1

k o

Innskriфта står på ein del av portalen som med visse er frå mellomalderen. Det er ingen ting ved innskriфта som tyder på at ho er frå seinare tider enn det, jamvel om det ikkje finst dateringskriterium i eit tilfelle som dette. Innskriфта gir inga opplagt språkleg meining. Moglege, men svært uvisse parallellar finst i N715 (**k[.]**) og N771 (**ku[?]**). Både desse står på eigarmerke og skil seg såleis frå denne innskriфта på stein i ein bygning. Det kan her vera tale om i avstyting, kanskje og ei uavslutta innskriфт.